

Helse Stavanger HF
Helse Fonna HF
Helse Bergen HF
Helse Førde HF
Sjukehusapoteka Vest HF
Helse Vest IKT AS

v/administrerende direktør

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato:
	2019/7815 - 54448/2019	Bård Humberset	09.08.2019

Oppmoding til innspel til ny plan for internrevisjon i Helse Vest (2020-2021)

Det er fast prosedyre at styret i Helse Vest vedtar plan for den regionale internrevisjonen etter innstilling frå revisjonsutvalet. Saksbehandlinga ligg til internrevisjonen, og det skal vere ein prosess der vi hentar inn innspel frå føretaka.

I tråd med tidlegare praksis og den gode erfaringa med den, vil vi òg dette året invitere føretaksstyra til å kome med innspel til regional plan for internrevisjon (2020-2021).

Vi ber om at tema og korte grunngjevingar kjem oss i hende seinast 15. november.

Gjeldande plan (2019-2020) vil ein finne på <https://helse-vest.no/om-oss/internrevisjon#planar-for-internrevisjon>. Status på prosjekta som er tatt med i den er som følgjer:

- Avansert oppgåveplanlegging (1. halvår 2019; ferdig)
- Internkontroll og risikostyring (1. halvår 2019; ferdig)
- Byggjeprojektet BUS1 i Helse Bergen (1. halvår 2019; ferdig)
- Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge (planlagt 2. halvår 2019, kan bli utsett)
- Administrasjon av pasientar på venteliste (planlagt 2. halvår 2019)
- IKT-tryggleik (planlagt oppstart slutten av 2019)
- Bruk av tvang i psykisk helsevern (planlagt oppstart slutten av 2019)

Forts. neste side.

- Bruk av avtalespesialistar (2020)
- Legemiddelberedskap (2020)
- Samfunnsansvarleg handel (2020)
- Mottaksmodellen i Bergen (2020)
- Variasjon i bruk av helsetenester (2020)

Dette betyr at vår oppmoding primært rettar seg mot å supplere dei prosjekta som er merkte «2020», eventuelt at nye prosjekt kjem til erstatning for nokre av dei.

Vennleg helsing

Bård Humberset
leiar for internrevisjonen

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng inga signatur

Kopi til:
HELSE VEST RHF